

**Møtereferat**

Dato: 19.05.2014

Til stades:	Margot Bertheussen, leiar (Hordaland) Kåre Ystanes, nestleiar (Hordaland) Martin Monrad Reigstad (Hordaland) Jette Lunemann Hansen (Hordaland) Anne-Karin Davidsen (Hordaland) Arne Gunnar Trædal (Hordaland) Dagfinn Vik (Hordaland) Ingeborg Borgen Takle, rådgjevar (Hordaland) Sven Hove, leiar (Rogaland) Oddrun Strand Rangnes, nestleiar (Rogaland) Sverre Mauritzen (Rogaland) Anna C. B. Steen (Rogaland) Kjell Sund (Rogaland) Tove Fiskaaen (Rogaland) Johan Risa (Rogaland) Charlotte Rosenberg Kristensen, rådgjevar (Rogaland) Eivind Skjerven, leiar (Sogn og Fjordane) Rønnaug Holmøy, nestleiar (Sogn og Fjordane) Harald Kåre Ekroll (Sogn og Fjordane) Anita Nybø (Sogn og Fjordane) Kristoffer Skjolden (Sogn og Fjordane)		
Forfall:			
Emne:	Referat frå studietur til Island - fylkeseldreråda	Sak:	2014/557-30
Møtetid:	4.-8. mai 2014	Møtestad:	Reykjavik, Island

**Møteleiar: Eivind Skjerven, leiar Sogn og Fjordane**
**Referent: Charlotte Rosenberg Kristensen, Rogaland og Ingeborg Borgen Takle, Hordaland**


Fylkeseldråda i dei tre fylka, Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane, har kvart år eit felles møte, og ein har forsøkt å sjå til at eit av desse er i utlandet kvar valperiode. I 2014 var det Sogn og Fjordane sitt ansvar å arrangere møtet, og det vart lagt til Reykjavik, Island.

Programmet var som følgjer:

**Oppsummering program:**

**Dag 1**

15:25 Lander på flyplass Reykjavik. Avreise i eigen buss til Blå Lagune og deretter hotellet.

16:50-17:00 Komer til Blå Lagune.

18:30 Avreise frå Blå Lagune til hotellet.

20:00 Middag hotellet

**Dag 2**

*Frukost*

09:00 Avreise for turen til Borgarfjordur.

Ca. 10:30 Besøk på eldresenter i Borgarnes

- Vi kører vidare via Deildartunguhver –Europas største varmtvatns kjelde-

Ca. 12:30 Ankomst Reykholt, Snorrasofa. Stopp her i ca. 2 timer.

- På heimvegen skal vi sjå både Hraunfossar og Barnafoss før vi kører tilbake til Reykjavik. Om det er ønskeleg stoppar vi på Álafoss ullfabrikkutsal i Mosfellsbæ; Ein kan gjere gode kjøp av ullkledde/pledd.

Ca. 17:00-18:00 Komer til hotellet i Reykjavik

18:00 Fellesmøte med dei tre råda

19:30 Felles middag på hotellet etter ein innhaldsrik dag.

**Dag 3 „Fagdag“ i Reykjavik**

08:30 Avreise hotellet

Kl 09.00 – 10.00 Besøk på velferdsministeriet

- Orientering om organisering av eldreomsorgen på Island v/ Bryndis Thorvaldsdottir

Kl.10.30 -13/14 Besøk på Mørk sjukeheim og eldrebustader. Lunsj.

Omvising med orientering på engelsk av styreleiar Gisli Pall Palsson.

Ca. kl. 14:30 er vi ferdige med det faste programmet og dagen står til fri disposisjon for å sjå sentrum, handle eller gå tur i området rundt hotellet. Dei som vil kan gå av bussen i sentrum, ev. sitte på med bussen tilbake til hotellet.

19:40 Avreise med transfer opp til Restaurant Perlan.

20:00 Felles avslutningsmiddag.

**Dag 4**

*Frukost til dei som vil før avreise.*

05:00 Avreise til flyplassen.

Referatet vil berre helde seg til den faglege delen av turen. Diverse framføringer som vart gjort vert lagt ved referatet.

**Punkt 1****Besøk på Brakarlid sjuke- og pleieheim i Borgarnes.**

Vi vart møtt av formann i stiftinga som driv sjukeheimen, Magnús B. Jónsson, rådmann i Borgarnes kommune, Páll S. Brynjarsdóttir, direktør for heimen, Björn Bjarki Þorsteinsson og sjukepleiar Jórunn Maria Olafsdóttir.

Leiar i stiftinga for Brakarlid sjuke- og pleieheim gav ein god innføring i historie og status til heimen, godt hjulpet av direktøren. Det var kvinneforeininga i Borgarnes som samla saman midla til å få opp den første avdelinga på det som da var eit pleieheim, og siste tilbygget vert gjort i 2012. Nå er heimen 5 000 kvadratmeter, kor kvar bebuar har 35 kvadratmeter og det er eit fellesrom i kvar etasje. Det er 70 plassar på pleieheimen og 4 plassar på dagheim. Det er ikkje per i dag ein avdeling for bebuarar med alzheimers, men det kan leggjast til. Det har vore vurdert å knytt til seg nokre bustader der brukarar kan bu utanfor heimen, men det er ikkje realisert enda.

Brakarlid vert i hovudsak statleg finansiert, men får noko finansiering til drift frå kommunen. Den statlege finansieringa er basert på talet brukarar, og kva type brukarar dei er har ulik takst. For bebuarane er kostnaden avhengig av storleiken på pensjonen, og det er stiftinga som krevjar inn betaling frå bebuarane.

Plassane er behovsprøvd og det er ein nemnd av fagfolk som bestemmer kven som kjem først i køen. Dette kan og endre seg om det kjem søkjavarar som har større trøng til plass enn dei som allereie står i køen.

Eldreråda fekk ein omvising på heimen, samt ein kort guida tur gjennom Borgarnes av rådmannen.



Rådmann Pall S. Brynjarsdóttir, dagleg leiar Jórunn Maria Olafsdóttir og styreleiar Magnus B. Jónsson.

## Punkt 2

### Fellesmøte for dei tre råda

Det var ønskjeleg å ha eit fellesmøte for dei tre råda når ein var samla på same stad og følgjande agenda vart føreslått:

1. Mandat til dei tre ulike fylkeseldreråda
2. Budsjettet for 2014 for dei tre ulike fylkeseldreråda
3. Saker på Landskonferansen 2014 i Drammen 20.-22.mai
4. Vestlandsamlinga 2015
5. Ymse

#### *1. Mandat til dei tre ulike fylkeseldreråda:*

Rogaland (2010) og Sogn og Fjordane (1992) har både vedtekne mandat for rådet sitt arbeid. Mandat for eldrerådet i Hordaland er planlagd å verte vedteken i 2014. Alle mandata er basert på loven om råd for eldre frå 1992, samt rundskriv A-32/2007 Rundskriv om kommunale og fylkeskommunale eldreråd frå Arbeids- og sosialdepartementet.

Det er berre Hordaland som har eit arbeidsutval, beståande av leiar, nestleiar og sekretær, som førebuar sakane til neste møte, samt tek seg av sakar som ikkje kan vente til neste rådsmøte. I Rogaland tek leiar og sekretær seg av dette, men utan at det er ein formell ordning. Sogn og Fjordane ventar framleis på å få avklart sekretärsituasjonen. Dei har ikkje arbeidsutval, men er og berre 5 medlemmar, noko som gjer det mindre hensiktsmessig. Dei to andre fylka har 7 medlemmar.

#### *2. Budsjettet for 2014 for dei tre ulike fylkeseldreråd*

Alle tre råda har eit budsjett, men det kan ikkje utan vidare samanliknas. Hordaland får berre dei midlane som ligg i budsjettet kvart år, medan Rogaland har budsjett på 200 000 kr. Sogn og Fjordane har eit særslig budsjett, når kostnadene til sekretariatet er trekt frå sit dei igjen med 92 000 kr til drift av rådet. Dei ønskjer å sette opp eit meir detaljert budsjett for å vise fylkestinget kvifor dei treng meir midlar, og ønskjer å ta utgangspunkt i Hordaland sitt budsjettoppsett.

#### *3. Saker på Landskonferansen 2014 i Drammen 20.-22. mai*

Alle tre råda skal delta på landskonferansen 2014 i Drammen, og er spent på å vere med på eit spennande program. Råda ønskjer å samarbeide under møtet.

#### *4. Vestlandsamlinga 2015*

Det vart bestemt at vestlandssamlinga for 2015 vert heldt i Hordaland, og fylkeseldrerådet i Hordaland ser fram i mot å vere vertskap med glede.

#### *5. Ymse*

Dagfinn Vik, som er representant frå fylkeseldreråda i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane i brukarutalet i Helse Vest, vart bedt om å orientere råda frå brukarutvalet. Det var eit ønskje om å få tilgang til referata frå møta i brukarutvala og Dagfinn orienterte om at desse er å finne på internett. Her er adressa: <http://www.helse-vest.no/omoss/brukerutvalg/Sider/side.aspx>. I inneverande periode har medlemani i brukarutvalet i Helse Vest vore frå Hordaland og vara for han vore frå Sogn og Fjordane. I neste periode vil derfor Rogaland utnemne medlem og Hordaland utnemne varamedlem.

### Punkt 3. Besøk på Vælfærdsministeriet

Her vart vi møtt av ekspedisjonssjef Sveinn Magnusson, kommunikasjonssjef Margrét Erlendsdóttir og Bryndís Magnúsdóttir. Der var og Heiður Margrét Björnsdóttir og Siv Friðleifsdóttir. Siv var altingsrepresentant i ára 1995 - 2013 og helseminister frå mars 2006 til mai 2007.

Foredraga ligg vedlagt.

Island har i praksis berre stat og kommune. På fylkesnivå har dei berre sysselmann, som kan samanliknast med vår fylkesmann. Det vil seie at stat har mykje meir ansvar enn i Norge.

Ein oppmading frå Island var at eldreråda bør jobbe meir med konseptet kultur og helse, og det tek råda med seg vidare.



Frå møtet med Vælfærdsministeriet.

#### **Punkt 4. Besøk på Mørk sjukeheim og eldrebustader**

Råda vert tekne i mot av Gisli Pall Palsson, styreleiar for Mørk. Han er tredje generasjon styreleiar for denne sjukeheimen.

Mørk sjukeheim er ein moderne institusjon som vart opna i 2010. Sjukeheimen har plass til 110 bebuerer.

Gisli Pall Palsson synte fram ein presentasjon av institusjonen og deretter fekk råda ei omvising på sjukeheimen. Kvar avdeling (enhet) hadde 10 bebuarrom som både var store og funksjonelle. Mange fellesrom som både var lyse og fine. Overalt på sjukeheimen synte tydeleg at her var det lagt stor vekt på omsorg og trivsel på dei eldre sine premisser. Dei eldre skulle oppleve og ha kjensle av at dette var ein heim for den einskilde bebuar.

Råda var imponert både av standar på institusjonen og den holdning og handsaming av dei eldre på sjukeheimen.

Like ved sjukeheimen var det bygd eldrebustader over fleire plan. Bustadane hadde ein sers høg standard. Eldre over 60 år kunne leige eller kjøpe seg inn i bustaden. Basseng var under bygging i underetasjen.

Råda vart invitert til lunsj før vitjinga ved Mørk sjukeheim vart avslutta.

Vedlagt er presentasjon frå Gisli Pall Palsson.



*Mørk sjukeheim og eldrebustader.*

### Til sist

Fylkeseldreråda takker alle for varm velkomst og gjestfrihet. Alle steder vart vi møtt med smil og godt førebytte fagfolk. Studieturen gav godt faglig utbytte og Islands natur og kultur gav studieturen ekstra utbytte og oppleving.



*Leiarane i fylkesledreråda saman med leiar for Mørk og dei to sjukepleiarane som deltok på rundturen.*

Referatet vart godkjent av fylkeseldrerådet i Hordaland 18.06.14.